



Høyringsuttale barnehage- og skulebruksplan

Vindafjord kommune skal utarbeide ein barnehage- og skulebruksplan for perioden 2020-2035. Planen skal inngå som ein del av kommuneplanen og vera forankra i denne. Gjeldande kommuneplan for Vindafjord kommune er vedtatt for perioden 2017 – 2029.

Det kan innleiingsvis vera på sin plass å minna om kva visjon som er gjeldande for Vindafjord kommune.

I Budsjett 2021 og Økonomiplan for 2020-2024 (vedtatt i K-sak 081/20) finn vi visjon og verdiar omtala slik under kapitelet om satsingsområda:

«Visjonsbeskriving

”Vindafjord kommune – VITAL OG SENTRAL” er kommunen sitt slagord.....
Kommunen sitt verdival er sentrert omkring omgrepa trivsel, handlekraft og levande bygder. I ordet VITAL ligg evne til omstilling, prioritering og nyorientering i høve til dei utfordringar som ligg framføre oss. Kommunen skal vera proaktiv i sine prioriteringar og val.

*I ordet **VITAL** ligg og at ein skal arbeida for å vidareutvikla levande bygder og nytta den krafta som ligg i bygdeengasjementet, til positiv utvikling for alle innbyggjarane.....*

*Ordet **SENTRAL** femnar om kommunen si sentrale plassering og ambisjonen om å vera sentrum for Indre Haugalandet.....»*

Ein av verdiane som er trekt fram er følgjande:

- Kommunen skal gjennom strukturert samhandling med frivillig sektor bidra til eit aktivt og positivt bu- og oppvekstmiljø i alle bygdene.*

I introduksjonen til satsingsområda i Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024 heiter det mellom anna :

«Mål og strategiar frå kommuneplanen er langsiktige og det er naturleg å sette mål og strategiar som skal gjelde og arbeidast med i kvar kommunestyreperiode.....»

Gjeldande kommuneplan (2017-2029) har 3 satsingsområde (Kap.5 i kommuneplanen).



Desse er

- Levande bygder
- Handlekraftig kommune og samfunn
- Berekraftig arealforvaltning

Kommuneplanen slår fast at Vindafjord kommune er ein kommune med levande bygder (jamfør overskrifta s. 23 i kommuneplanen).

Det er eit mål at kommunen skal ha ein årleg befolkningsvekst på 1%. Som strategi nr.4 for å nå dette målet heiter det :

« Det er viktig å utvikle og marknadsføre Vindafjord kommune som ein attraktiv bukommune. Dette krev ei brei satsing på bustadtomter, arbeidsplassar, kulturtilbod, handel- og service, og ein desentralisert barnehage- og skulestruktur....»

Dette blir utdjupa av kommunedirektøren i innleiinga til Budsjett 2021 og Økonomiplan 2021 – 2024:

«Vindafjord kommune skal vera ein Vital og sentral kommune inn i framtida slik visjonen seier. Då må alle gode omstillingskrefter innan politikk, administrasjon og samfunnet rundt spela på lag for å finna nye løysingar på utfordringane framover, nytt innhald i velferdsomgrepet og evna til å leggja bak oss gamle løysingar og arbeidsmetodar»

BBU meiner at eit evt. bortfall av ein desentralisert barnehage- og skulestruktur vil riva beina under alle andre offensive strategiar for vekst i Vindafjord. Det vil vera ei politisk godkjenning av ei dyster utvikling med aukande forgubbing, fråflytting og nedgang på alle plan i store deler av kommunen.

Ifølge framlegget til barnehage- og skulebruksplan har Vindafjord kommune i dag stor ledig kapasitet i barnehagane og skulane. Det vil sei at vi har plass til mange fleire barnehagebarn og skuleelevar i institusjonane våre. Med dette som utgangspunkt er det viktig å sjå på nye løysingar framfor å straks gripe til den tradisjonelle tankegangen om å leggja ned skular og barnehagar. Det er ein god ressurs å kunne tilby barnehage- og skuleplass til nye innbyggjarar. Det er sannsynleg at potensielle nye innbyggjarar vil sjå på mange faktorar når dei eventuelt skal bestemma seg for å flytte til Vindafjord. Bustad, barnehage, skule og arbeidsplassar er alle særskilte viktige faktorar i denne samanheng.

Pandemien som vi har levd med i meir enn eit år har også vist at vi har mykje å tene på å oppretthalde ein spreidd busetnad. I Vindafjord kommunen er det gode tilhøve for å bevega seg utanom hus uansett kor i kommunen ein bur. Mange kommunar kan skilte med det same. Difor er det viktig å kunne vise til gode og attraktive butilhøve og aktivitetstilbod uansett kor i kommunen ein buset seg.

Med 200 km kystlinje i Vindafjord bør vi kunne tilby fleire sjønære bustadtomter. Vi bør kunne bestemme oss for kva for fellesområde vi vil ha langs kystlinja vår og setje



av rikeleg med tomter for bustadbygging langs sjølinja. Dette er ei av dei ressursane vi kan tilby og som er attraktive. Det bør vera like viktig å ha fastbuande langs sjøen som det er å tillate næring i form av utleigeobjekt. På same måte er det viktig å kunne utvikle område med litt store tomter der bebuarane kan drive med hagestell og husdyrhald. «Småbruk» er eit av dei mest brukte oppslagsorda på finn.no . Det viser at interessa for anna enn sentrale bustadfelt også er til stades.

Næringslivet i Vindafjord har stor innpendling. Både av faste arbeidstakarar og gjestearbeidarar. Dersom vi kan tilby gode butilhøve kombinert med barnehage- og skuletilbod vil dette kunne vera ein tilbodspakke som vil kunne bidra til å auke folketalet i Vindafjord. Det vil vera i næringslivet si interesse å kunne få fleire fastbuande arbeidstakarar slik at verksemdene ikkje blir like sårbare med omsyn til arbeidskraft som det vi har sett under denne pandemien. Det er viktig at kommunen samarbeider aktivt med næringslivet for å leggje til rette for at fleire arbeidstakarar ønsker å busette seg i Vindafjord. Her bør kommunen aktivt kunne tilby ulike stimuleringstiltak.

Norconsult-rapporten

Norconsult har gjennomført ei kartlegging og analyse av barnehage- og skulesektoren i Vindafjord. Sjølv om denne rapporten ikkje har nokon offentleg status, er den eit påkosta og skriftleg element i den store debatten om desse spørsmåla. BBU meiner at rapporten har mange veike sider og at den derfor ikkje kan stå uimotsagt – og den kan difor heller ikkje leggja premissa for konklusjonen av barnehage- og skuledebatten. Synspunkta våre er gyldige for heile kommunen, men me tar utgangspunkt i situasjonen på Bjoa. Barnehage- og skulestruktur handlar om langt meir enn bygningstilstand og pedagogisk standard, sjølv om det sjølvstg er svært sentralt. Nedlegging av slike fundamentale funksjonar har også alvorlege og varige konsekvensar for bu- og oppvekstmiljø, busetting / fråflytting, eigeoms-prisar / skattegrunnlag og andre samfunnsmessige forhold som har direkte innverknad på kommunen sin økonomi, men på andre budsjettpostar enn skulen.

Bygningsmessig vurdering.

Norconsult kjem med dramatiske konklusjonar og tilrådingar. Det blir mellom anna hevda at Bjoa skule er rivingsverdig, og at vidare skuledrift er avhengig av at det blir bygt ny skule. Denne konklusjonen er ikkje basert på kunnskap og fakta. BBU har fått ei fagleg tredjepartsvurdering av skulebygget, og denne teiknar eit heilt anna bilete. Sjølv om bygningen er frå 1963 og vedlikehaldet har vore neglisjert i mange år av skuleeigar, kan skulen med mindre utbetringar tena godt som skulehus i mange år framover. Hovudkonklusjonane i tilstandsrapporten frå takstmann og byggmeister Ivar Johannes Handeland er at bygningen har ein robust hovudkonstruksjon som kan vara i svært mange år. Han peikar på ein del manglande vedlikehald, og tilrår at følgjande vert utført på kort sikt (1 – 5 år):

- a) Utskifting av ein del dørar og glas
- b) Avfukting av kjellar (viss ein ønskjer å ta i bruk kjellaretasjen)
- c) Utvendig drenering (viss ein ønskjer å ta i bruk kjellaretasjen)



d) Utskifting av VVS, evt. oppgradering av toaletta mellom bygga

Samla vedlikehaldskostnad (1 – 5 år): Om lag 1,5 mill. kr til saman

Dette syner at skulen kan halde fram i eksisterande bygg i mange år framover under føresetnad av utbetringar og vidare vedlikehald.

Skulestoreik og læringsvilkår

I vedlegget til Norconsult sin rapport er forskning på skulestorleik og skuletype omtala i eige kapittel (kap.2). Her er ulike aspekt ved storleik på skular vurdert ut frå tilgjengeleg forskning på gjeldande tema. Utgangspunktet er at det er svært begrensa med norske studiar som har val av skuletype eller skulestorleik som hovudfokus.

I internasjonale studiar legg ein til grunn andre tolkingar av kva som er små, middels og store skular enn det ein gjer i Norge. Difor kan ein ikkje utan vidare overføre funn frå store internasjonale undersøkingar til norske forhold.

Vidare kjem det fram at det er begrensa grunnlag for å hevda at storleik på skulen isolert sett er avgjerande for elevane sine psykososiale forhold og faglege resultat. Jamt over blir andre tilhøve ved skulane, som læringsmiljø og sosioøkonomisk bakgrunn trekt fram som faktorar som har langt større påverknad på elevane sitt faglege og sosial utbytte av skuletida.

Vidare er læraren svært viktig for elevane sin utvikling. Forsking viser at lærarar som samarbeider om undervisninga og deler erfaringar gjerne får engasjerte elevar med gode resultat. Det vert peika på at større skular i seg sjølv ikkje fører til større grad av god skuleutvikling og det vert slått fast at uavhengig av skulestorleik vil ein aktiv pedagogisk leiing spela ei avgjerande rolle i arbeidet med skuleutvikling.

BBU kan ut frå dette ikkje sjå at det på det noverande tidspunkt er pedagogiske begrunningar for å endre skulestrukturen i kommunen.

Skulenedlegging og samfunnsmessige konsekvensar

Barnehage og barneskule er ein fundamental funksjon i eit levande bygdesamfunn, og ei nedlegging handlar om langt meir enn slitne bygningar og små læringsgrupper. Dei samfunnsmessige konsekvensane av nedlegging er ikkje omtala i Norconsult sin rapport, og dette gjer rapporten ueigna som grunnlag for ei samla vurdering, så vel økonomisk som politisk. Erfaringane på dette området er mange og fortel oss at det skjer dramatiske endringar i bygdene når denne viktige funksjonen vert flytta langt frå bygda. For born i barnehage og barneskulen er ei flytting frå Bjoa til Ølensvåg **langt**. BBU har ikkje for vane å spreia dårlege spådommar, men ein kvar med ei ærleg tilnærming til dette spørsmålet må innsjå at ei nedlegging vil ha negative effektar langt utover sjølve skulesektoren:

- a) Sterk negativ effekt på bu- og oppvekstvilkåra. Mange sosiale aktivitetar er knytte til skule og skuleborna. Når skulen flyttar, flyttar også aktiviteten. Når aktiviteten i bygda kjem under ein viss mengde, kan det rakna både for lag, organisasjonar og forsamlingshus.



- b) Sterk negativ effekt på busettinga, med aukande fråflytting av barnefamiljar, forgubbing og utarming av det sosiale livet. Skattegrunnlaget for kommunen vil også bli negativt ramma, med mindre ein greier å stansa flyttestraumen før den kryssar kommunegrensa.
- c) Sterk negativ effekt på eigedomsverdiane, noko som i første omgang vil ramma alle som eig eigedommar i bygda, og i neste omgang vil det føra til eit sterkt fall i skattegrunnlaget for kommunen.
- d) Den økonomiske effekten for kommunen er svært usikker og samla sett neppe positiv. Vindafjord vil med ei nedlegging ta eit aktivt steg for å bli fråflyttingskommune, noko som varslar at politikarane / administrasjonen har gitt opp og berre ventar på at ein større kommune snart skal ta over styringa.

Norconsult sin rapport omhandlar ulike framlegg til organisering av barnehagar og skular, og syner ulike alternativ for organisering av barnehagar og skular som dei meiner vil gi betydeleg innsparing på drifta. BBU vil understreka at Norconsult ikkje har gjort ei samla vurdering av den økonomiske effekten av forslaga sine, og at det ikkje går an å setja to strek under dei innsparingane dei viser til.

Norconsult sitt tydelege fokus på nedlegging av barnehagar og skular harmonerer dårleg med kommuneplanen som har ei offensiv tilnærming til folketalsutvikling og levande bygder. Vi vil igjen peike på kommunedirektøren si utsegn om at vi må leggje bak oss gamle løysingar og arbeidsmetodar. Her treng vi nytenking og ei heilskapleg tankegang som evner å sjå samanheng mellom barnehage- og skuletilbod, tilgang til bustader, arbeidsplassar og innflytting/etablering.

Når det gjeld barnehagane kan vi slå fast at det er vedtatt i kommuneplanen at vi har 9 levande bygder i Vindafjord. Då seier det seg sjølv at det også er barnehage i kvar bygd.

Konklusjon

Som eit ledd i den offensive tilnærminga til folketalsutviklinga og levande bygder som følgjer av kommuneplanen, vil BBU krevja at alle dei 9 bygdene skal ha barnehage og skuledrift. BBU vil svært gjerne spela på lag med kommunen for å dra utviklinga i ei positiv lei for Bjoa og dei andre bygdene i kommunen.

Bjoa den 22.03.2021

Mvh styret i Bjoa Bygdeutviklingslag

Harald Hetland (leiar)

Ida Solheim Gangstø (styremedlem)

Gunnar Dalen (kasserar)

Elin Arianson (skrivar)

Nils Terje Oma (styremedlem)